

UTARBEIDD AV DET NASJONALE FORELDREUTVALET FOR
BARNEHAGAR (FUB) I 2012
REVIDERT I 2014

Rettleiingshefte for foreldre om
lokale foreldreutval for barnehagar

Foreldremedverknad i barnehagen

Foreldre er ein viktig ressurs for barnehagen

Innleiing

«Eit samfunn som set pris på barna, må ta godt vare på foreldra.» John Bowlby

Kva er eit lokalt foreldreutval? Kvifor er det viktig å etablere eit slikt utval i kvar kommune? Korleis går ein fram?

Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) er eit nasjonalt organ for og med foreldre med barn i barnehagen. Vi ønskjer å vere ein pådrivar for at det blir oppretta lokale foreldreutval i alle norske kommunar. Det er både nyttig, nødvendig og viktig at barnehageforeldre engasjerer seg i det indre livet og den vidare utviklinga til barnehagen. FUB meiner at foreldra saman kan få ei viktig og avgjerande stemme inn mot lokale politikarar og myndigheiter i viktige barnehagespørsmål.

FUB blei oppretta 1. august 2010 og blir oppnemnd av Kongen i statsråd for periodar på fire år. FUB har éin leiar, fem medlemmer og éin møtande varamedlem. Utvalet representerer foreldra nasjonalt i ulike høyringar og arbeid.

Hovudmålsetjinga vår er å fremje samarbeidet mellom barnehagen og heimen og slik bidra til at alle barn i barnehage skal få eit best mogleg tilbod. Eit godt samarbeid kan jamne ut sosiale forskjellar og bidra til ein god overgang frå barnehage til skule. FUB skal òg vareta foreldreinteressene i barnehagesamanheng, og vi ønskjer å styrkje foreldreengasjementet og foreldrepåverknaden i barnehagen, mellom anna ved å informere og rettleie foreldra.

Det er kommunen som har ansvar for å godkjenne og ha tilsyn med barnehagar, og for å finansiere og byggje ut barnehagetilbodet. Derfor er det viktig med ei tydeleg og klar foreldrestemme som kan vere med og påverke kvar det skal byggjast nye barnehagar, kva kvalitet tilbodet skal ha, og kor mykje som skal løyvast til barnehagedrifta.

Når samarbeidsklimaet mellom foreldra og dei tilsette i barnehagen er godt, blir kvaliteten på tilbodet betre. Det viktigaste samfunnet kan gi barn i dag, er gode barnehagar.

Lykke til med arbeidet!

Oslo, 2012

Foreldreutvalet for barnehagar
v/Lena Jensen
leiar



Kva seier barnehagelova?

FORMÅLSPARAGRAFEN I BARNEHAGELOVA

I barnehagelova § 1 Formål, første avsnitt, står det:

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Den første setninga vil i praksis seie at alt arbeidet som gjeld barnet i barnehagen, skal utførast i samarbeid og forståing med foreldra eller dei føresette.

Korleis krava i formålsparagrafen blir oppfylte, varierer frå barnehage til barnehage. Den enkelte barnehagen bør ha ein strategi for å vareta og sikre samarbeidet med foreldra.

INNHALDSPARAGRAFEN I BARNEHAGELOVA

I barnehagelova § 2 Innhold, siste avsnitt, står det:

Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten.

Det er altså lovfesta at foreldra, ved foreldrerepresentantane i samarbeidsutvalet i barnehagen, skal vere med på å fastsetje den pedagogiske årsplanen til barnehagen.

FØRESEGNENE OM FORELDREMEDVERKNAD I BARNEHAGELOVA

I barnehagelova § 4 Foreldreråd og samarbeidsutval står det:

For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.

Foreldrerådet består av foreldrene/de foresatte til alle barna og skal fremme deres fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø. Er det i forskrift etter § 15 satt maksimalgrense for foreldrebetaling, kan bare foreldrerådet samtykke i foreldrebetaling ut over dette.

Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene.

Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.

Barnehagelova seier at alle barnehagar skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval. Lova har ingen føresegner om at det skal opprettast arbeidsutval for foreldra i barnehagen (FAU), slik opplæringslova har for foreldre i skulen.

Lova stiller heller ikkje krav til at det skal opprettast lokale utval for foreldre med barn i barnehage i den enkelte kommunen. Men eit lokalt foreldreutval kan likevel bidra til å sikre foreldre-medverknaden. Vi i FUB ønskjer å vere ein pådrivar for at det blir oppretta lokale foreldreutval i alle norske kommunar, slik at samarbeidet med foreldra blir sikra på eit overordna nivå i kommunane.



Lokalt foreldreutval

KORLEIS ETABLERE EIT LOKALT UTVAL?

Kor mange representantar det er formålstenleg å ha i eit lokalt foreldreutval, er avhengig av kor mange barnehagar det er i kommunen. Eit utval med mange representantar kan bli vanskeleg å administrere på ein god måte. Det bør dessutan leggjast føringar for samansetjinga av eit lokalt FUB, slik at ulike barnehagetypar og ulike stader i kommunen er representerte.

Eit lokalt foreldreutval kan oppnemnast av foreldra sjølve, av kommunen ved til dømes rådmannen og/eller ordføraren eller av ei lokal «aksjonsgruppe».

Les meir samansetjinga av utvalet på side 14.

KVEN SKAL SITJE I DET LOKALE FORELDREUTVALET?

Medlemmene til det lokale utvalet kan veljast blant foreldra i foreldrerådet eller samarbeidsutvalet (SU) til barnehagane.

Kvifor er det viktig?

LOKALT FORELDREUTVAL ER VIKTIG FORDI:

- foreldra representerer barna i barnehagane
- foreldra kan setje aktuelle tema på dagsordenen, også tema som andre ikkje nødvendigvis ser
- utvalet kan vareta formålsparagrafen i barnehagelova § 1 Formål.
- utvalet kan sikre ein meir likeverdig kvalitet i alle barnehagar i kommunen
- Utvalet kan bidra til å jamne ut sosiale forskjellar, inkludere alle barn og foreldre og gjere overgangen frå barnehage til skule betre
- eit godt samarbeid mellom foreldra og dei barnehagetilsette påverkar kvaliteten på tilbodet til barna, noko som igjen pregar utviklinga og læringa til barna
- utvalet representerer foreldra som ein likeverdig samarbeidspartnar for kommuneadministrasjonen og politikarane

LØFTE FRAM FORELDRESTEMMA

Stemna til foreldre med barn i barnehage har ikkje alltid vore så lett å høyre. Med eit lokalt foreldreutval kan barnehageforeldre få løfte stemma si opp på kommunalt nivå. Det kan gjere det lettare for foreldra å vere med og påverke utviklinga av barnehagesektoren.

Foreldre er forskjellige og har ulik ståstad og ulike behov. Kva er det likevel foreldre har til felles, og som blir eit viktig argument for at kommunen skal opprette eit lokalt FUB?

Dette er viktig for alle barnehageforeldre:

- Kvalitet
- Tryggleik
- Opningstider
- Innhald

Alle lokale FUB bør ha eit uttalt felles mål som handlar om det beste for barnet. Det lokale FUB kan då bli eit felles forum og ein lyttepost for barnehageforeldra, og eit organ der foreldra saman med kommuneadministrasjonen kan finne gode løysingar som er bra for barna. Slik sett blir det lokale FUB òg eit organ som fungerer som talerøyr for barnehageforeldra i kommunen.



Det nasjonale FUB arbeider etter følgende mål:

FUB skal arbeide for et godt samarbeid mellom barnehage og hjem og ivareta foreldrenes interesser i barnehagesammenheng. Samarbeidet mellom barnehage og hjem skal bidra til at alle barn i barnehage får et best mulig tilbud. Et godt samarbeid kan bidra til å utjevne sosiale forskjeller og bidra til en god overgang fra barnehage til skole.

For kommuneadministrasjonen og lokalpolitikarane vil det vere ein styrke for arbeidet å ha ei organisert foreldregruppe som dialog-partnar og ein likeverdig part å møte i barnehagesaker.

FORELDREENGASJEMENT

Foreldreengasjementet aukar i spørsmål som gjeld kvalitet og innhald i barnehagen. Etter at barna fekk rett til barnehageplass og det er blitt tilnærma full barnehagedekning, treng ikkje foreldra lenger bruke tid og energi på å skaffe barnehageplass eller anna pass til barnet sitt. Dermed blir dei meir og meir opptekne av kvaliteten og innhaldet i barnehagen. Det er viktig at foreldra er engasjerte i og merksame på kvaliteten i barnehagetilbodet, og dei bør bruke stemma si til å formidle til barnehageadministrasjonen i kommunen og dei folkevalde kor viktig det er med kvalitet.




Korleis gå fram?

SKAL INITIATIVET KOMME FRÅ KOMMUNEN ELLER FORELDRA?

Det viktigaste er ikkje kven som tek initiativet, men at eit utval kjem på plass. Det er svært viktig at eit lokalt foreldreutval får ei forankring i den administrative og politiske leiinga i kommunen. Dersom det er kommunen som tek initiativet til eit lokalt foreldreutval, er ei slik forankring alt godt etablert. Dersom det er foreldra sjølve som set i gang eit lokalt utval, kan det vere fornuftig å be om eit møte med kommuneleiinga så tidleg i prosessen som råd er, slik at kontakten blir etablert og det kan utvikle seg eit samarbeid. At kommunen er positiv til initiativet frå foreldra og gir foreldreutvalet den legitimiteten det treng allereie frå starten av, er svært viktig for å sikre den vidare etableringa og kontinuiteten til utvalet.

Det er viktig med eit konstruktivt og godt samarbeid mellom foreldreutvalet og kommuneadministrasjonen. For å skape engasjement hos foreldra kan dei engasjere seg i innhaldet i og drøfte det pedagogiske og samfunnsmessige mandatet til barnehagen. Det må leggjast opp til prosessar der foreldra og kommunen kan vere i forkant, og der foreldra opplever reell medverknad. Saman kan partane definere eit godt innhald for eit lokalt FUB.

Dersom det skal bli eit vellykka samarbeid mellom partane, må kommuneadministrasjonen opne for og invitere til medverknad. Ein god start på eit samarbeid kan vere å avklare kva forventingar partane har til korleis samarbeidet skal gå for seg, kva type saker som er aktuelle, og kva verdiar som skal prege samarbeidet. Både kommuneadministrasjonen og medlemmene av foreldreutvalet kan ta med seg viktige saker til utvalsmøta.



Kommuneadministrasjonen er viktig som tilretteleggjar for å engasjere og få med foreldra i det lokale FUB. Ein bør òg få på plass eit trepartssamarbeid, der foreldra, kommuneadministrasjonen og lokalpolitikarane er reelle partar som kan komme med innspel. Det er viktig med møtepunkt mellom FUB og politikarane, slik at det lokale FUB når fram til det politiske nivået.

Det beste er om samarbeidet kan etablerast i «fredstid», med ein felles møtearena, fast møtefrekvens, årshjul for møta og god informasjonsflyt. Kommunen bør ha klare og tydelege informasjonsrutinar, slik at viktig informasjon frå kommuneadministrasjonen til foreldra via foreldrerådet og/eller SU i barnehagen når fram. Til dømes kan kommuneadministrasjonen utarbeide informasjon om det lokale FUB som dei sender ut til alle nye foreldre med barn i barnehage eller publiserer på heimesida til kommunen.

Det vil vere ein fordel med ei robust organisering som motverkar at organet og samarbeidet blir personavhengig. For å sikre kontinuitet og stabilitet kan kommuneadministrasjonen gjerne bidra i «driftinga» av det lokale FUB utan at det går utover den frie og sjølvstendige rolla til foreldra

KORLEIS GÅR DU SOM FORELDER FRAM?

Foreldre som ønskjer å ta initiativ til å danne eit lokalt foreldreutval, kan til dømes gå fram slik:

- Ta kontakt med den barnehageansvarlege og/eller rådmannen i kommunen og be om eit møte for å diskutere planen om eit lokalt utval.
- Send ut ein invitasjon til alle foreldreråda ved SU-representantane i dei kommunale og private barnehagane i kommunen og inviter til eit informasjonsmøte om planlegginga av eit lokalt foreldreutval.
- Be gjerne om å låne møtelokale av kommunen, til dømes i rådhuset eller eit anna offentleg bygg som skule og barnehage, og inviter dei barnehageansvarlege i kommunen, rådmannen og/eller ordføraren.
- Sørg for å bruke informasjonsmøtet til å verve flest mogleg medlemmer til det kommande lokale utvalet. Ha møtedato og stad klart for det første møtet.



Kva kan ein oppnå?

Foreldra ønskjer god kvalitet på barnehagetilbodet. Engasjerte foreldre kan stille spørsmål, fremje krav og komme med forslag om innhaldet i og drifta av barnehagen og slik bidra til at kvaliteten aukar.

LØFTE FRAM BARNEHAGESAKER I FELLESSKAP

Når foreldra og dei tilsette løftar fram ei barnehagesak i fellesskap, gir det saka meir tyngd og status hos dei politiske myndigheitene.

I eit lokalt utval vil det bli lettare å løfte foreldrestemmen opp til kommunalt nivå, til dømes når det gjeld budsjett, årsplanar, bemanning eller vikarbruk. Det kan igjen styrkje foreldrepåverknaden i utviklinga av barnehagesektoren.

STORTINGSMELDING OM FRAMTIDAS BARNEHAGAR

I NOU 2012:1 Til barnas beste, som er forarbeidet til stortingsmeldinga Framtidens barnehage frå 2013, står det:

«Kommunalt/lokalt foreldreutvalg er antatt å kunne medvirke positivt til foreldrenes innflytelse på barnehageutviklingen lokalt, blant annet som høringsinstans i utforming av den lokale barnehagepolitikken.»

Dette er eit viktig insentiv til betydinga til foreldrestemmen i lokalmiljøet, og til forventinga om at foreldra saman både kan påverke og medverke til at barnehagetilbodet i den enkelte kommunen blir til beste for barnet.

FUB KAN VERE STØTTESPELAR OG LØFTE SAKER OPP PÅ DET HØGASTE NIVÅET

Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) er oppretta på nasjonalt nivå.

Lokale og kommunale utval har i FUB eit felles landsomfattande forum å kontakte når dei har saker som gjeld forholdet mellom heimen og barnehagen. FUB kan vere støttespelar og formidle saker til Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet.

Samansetjinga av foreldreutvalet

MEDLEMMENE

Medlemmene til det lokale utvalet kan veljast blant foreldre-representantane i foreldrerådet i barnehagane. Medlemstalet varierer etter kor stor kommunen er, og kor mange barnehagar som er representerte, men mellom fem og ti personar vil i dei fleste tilfella vere passeleg. I små kommunar kan foreldreutvala vere felles for barnehage og skule.

ORGANISERING AV UTVALET

Den formelle samansetjinga av eit lokalt utval kan vere slik:

- Leiar
- Nestleiar
- Styremedlemmer
- Sekretær
- Varamedlem(mer)
- Kasserar

ARENAER FOR FUB

Det lokale FUB kan kommunisere og gjere seg synleg via:

- Heimesida til kommunen
- Facebook
- Interesseorganisasjonar for til dømes minoritetsspråklege foreldre og/eller foreldre med barn som har hjelpebehov
- Faste halvårlege møte og møteplassar med kommuneleiinga og politiske nivå



OPPGÅVENE TIL FORELDREUTVALET

Det er mange tema og saker det lokale FUB kan diskutere og behandle: Korleis sørgjer vi for at foreldra er informerte om aktuelle saker? Kva er dei viktigaste sakene som foreldreutvala bør jobbe med? Korleis får vi til ein nyansert diskusjon om kvaliteten og innhaldet i barnehagen? Kva er kvalitet i barnehagen?

KVA SAKER SKAL UTVALET BEHANDLE?

Det blir viktig at dei lokale utvala har fokus på dei meir prinsipielle sakene som er relevante for heile barnehagefeltet i kommunen, uavhengig av eigaren. Nokre av faktorane som er mest avgjerande for kvaliteten, er:

- Storleiken på barnegruppene
- Vaksentettleiken
- Pedagogtettleiken
- Kompetansen til personalet

Økonomiske ressursar legg premissane for god kvalitet, men dei nemnde faktorane legg føresetnadene for den utøvande kvaliteten. Byggmessige faktorar påverkar òg kvaliteten.

Eit tips er å velje saker i samsvar med årshjulet til barnehagen, til dømes budsjett, revidering av årsplanar, opptak, kompetanse, oppstart og brukarundersøkingar, som er faste innslag gjennom barnehageåret.

Det lokale foreldreutvalet kan be foreldrerådet og SU i den enkelte barnehagen om å sende dei viktige saker og saker som er av overordna interesse.

FUB kan òg ta utgangspunkt i møteplanane og saklistene til hovudutvalet for oppvekst, formannskapet og/eller kommunestyret i den enkelte kommunen og setje aktuelle saker på dagsordenen i eigne utvalsmøte.

SLIK GJER DEI DET I STAVANGER KOMMUNE

Stavanger kommune har oppretta eit lokalt foreldreutval for barnehagane i kommunen. Utvalet heiter Stavanger Barnehagens Foreldreforening (SBF) og har fast plass i kommunalstyret for oppvekst med tale- og forslagsrett (ingen stemmerett).

I kommunalstyret for oppvekst kan SBF ta opp eigne barnehagesaker anten ved å uttrykkje meininga si i rådmannens framlegg eller ved sjølv å foreslå saker. SBF praktiserer denne saksgangen:

1. Samarbeidsutval i barnehagane
2. Barnehagens Foreldreforening (SBF)
3. Oppvekstdirektøren
4. Kommunalstyret for oppvekst
5. Bystyret (= kommunestyret/bydelsutvalet)

Kva nivå saka blir avgjord på, er avhengig av innhaldet.

Oppvekstdirektøren avgjer saker av administrativ karakter, mens saker av meir overordna karakter blir avgjorde politisk i kommunalstyret for oppvekst eller eventuelt i bystyret.

Modellen til Stavanger kommune kan danne eit utgangspunkt eller vere rettleiande for korleis saksgangen mellom eit lokalt foreldreutval og ein kommuneadministrasjon kan gå for seg.

KOR OFTE SKAL DET VERE MØTE?

Det er sjølvstakt opp til det enkelte utvalet å avgjere kor ofte det er ønskjeleg og relevant å ha utvalsmøte. Møta bør helst haldast like før eller like etter møta i bydelsutvalet eller kommunestyret, slik at sakene alltid er aktuelle. Desse møta finn gjerne stad ein gong per månad, noko som kan bli vel ofte. To til fire møte i året er meir realistisk og lettare å gjennomføre.

VEDTEKTER

For å sikre kontinuitet og forankring er det fornuftig at foreldreutvalet formaliserer arbeidet og lagar vedtekter. Vedtektene kan til dømes beskrive følgjande område::

- Formål
- Medlemmer
- Utvalsmøte
- Referat og referatpraksis
- Årsmøte
- Valkomité
- Budsjett og rekneskap
- Revisor
- Arbeidsgrupper (til dømes ad hoc-grupper ved behov)
- Vedtektsendringar
- Oppløysing

Kva skal barnet heite?

Eit lokalt foreldreutval bør femne foreldra frå både kommunale og private barnehagar, og det bør vere eit uavhengig organ. Utvalet skal representere alle foreldre med barn i barnehage i kommunen og bør derfor ikkje ha politiske eller eigarmessige føringar. Namnet på utvalet bør vere så objektivt som mogleg, og FUB nasjonalt foreslår derfor at foreldreutvala i Noreg omtaler seg sjølve som lokale FUB, og at dei bruker kommunenamnet i namnet sitt, til dømes FUB Oslo. På denne måten blir det òg ein samanheng mellom namna på dei lokale utvala og det nasjonale FUB.

Avslutning

Vi i FUB meiner at det er svært viktig at foreldra engasjerer seg og får ei felles stemme. Foreldra må bli ein likeverdig samarbeidspartnar for vedtaksmyndigheitene og kommuneadministrasjonen og ei stemme å lytte til for fagfolk i barnehagen og barnehagelærarutdanninga. Foreldra er dei viktigaste personane i livet til barnet og ein heilt sentral samarbeidspartnar for barnehagen. FUB oppmodar foreldra til å engasjere seg, slik at dei blir ein naturleg del av det indre livet i barnehagen.

Bruk sjansen!



FUB

TELEFON 22 05 90 70
POSTADRESSE Postboks 9360 Grønland, 0135 Oslo
BESØKSADRESSE Schweigaards gate 15 B, 0191 Oslo
E-POST post@fubhg.no
NETTADRESSE www@fubhg.no

FOTO Framsida: Berit Roald/NTB scanpix
Side 6, 8 og 12: Istockphoto

DESIGN Tank